

## **Bruk ungdommen!**

Ungdomsrådet er ungdommen sitt talerør i kommuna, og er difor ein måte ungdommen kan uttale seg i saker som vedkjem dei. Ungdommen er framtida til kommuna, og det er difor kritisk at ungdomsrådet er aktivt deltakande i lokaldemokratiet. I Stranda har vi eit ungdomsråd der ungdommane blir valt av elevråda ved ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i kommuna.

Det bekymrar meg å sjå at møta til ungdomsrådet ikkje er lagd inn i møteplanen på nettsidene til kommuna. Dersom dette vil seie at ungdomsrådet ikkje skal ha eitt einaste møte dette halvåret, er dette særskild bekymringsverdig. Dette året skal vi igjen ta opp kommunereforma, samt at vi har ei pågåande sak vedrørande skulen i Liabygda. Berre desse to sakene skulle ungdomsrådet absolutt uttala seg i, og eg set difor spørsmålsteikn ved at ikkje ungdomsrådet har møter der dei får uttale seg i desse sakene.

I 2013/2014 var eg leiar i ungdomsrådet. Dette året hadde vi to (!) møter, konstitusjonsmøte og eit møte der einaste sak vi hadde var å tildele ungdomsmidlar. Ikkje ein einaste gong fekk vi ei sak tilsendt frå kommunestyret. Eg har vanskeleg for å tru at kommunestyret ikkje behandla ei einaste sak som vedkom ungdommen.

Kvart år vedtek kommunestyret budsjettet. Store delar av dette budsjettet går til einingar ungdommen er brukarar av, i alt frå helse til kultur. Ein skulle då tru at ungdomsrådet, på lik linje med andre råd og utval, skulle få tilsendt budsjettet til uttale – men dette skjer altså ikkje. Kvifor ikkje? Dersom vi verkeleg vil ha med ungdommen, og vil at dei skal bli verande i kommuna, så må faktisk desse også inkluderast. Kanskje spesielt i budsjettsakene, då dette tross alt er den viktigaste saka til behandling i løpet av året.

Dersom det er slik at ungdomsrådet ikkje får tilsendt saker fordi ein ikkje meiner ungdommen har kompetanse nok til å få uttale seg, kan eg slå fast at ungdommen er langt meir kunnskapsrike og reflekterte enn som så. Ungdomsrådet bør likevel få invitere administrasjonen til å orientere rundt ulike saker, slik andre råd og utval i kommuna har anledning til. Administrasjonen bør også ta meir ansvar, og dyrke ein kultur i ungdomsrådet

for at også ungdommane sjølve kan kome med saker, og aktivisere medlemmane slik at vi får eit aktivt og vitalt ungdomsråd med ei reell stemme i lokalsamfunnet.

Ungdommen er framtida, og eg er difor djupt sjokkert over kor dårleg ungdomsrådet blir brukt. Ta ungdommen på alvor, og la dei få ta del i demokratiet og vere med på å bestemme framtida til sitt eige lokalsamfunn!

Mitt forslag til vedtak er:

- 1) Ungdomsrådet skal ha to møter i halvåret
- 2) Ungdomsrådet skal få tilsendt saker som vedkjem ungdommen til uttale, som for eksempel;
  - a. Kommunereforma
  - b. Skule og oppvekst
  - c. Budsjetten til uttale
  - d. Kultur og miljø
  - e. Helse

Med vennleg helsing

Amalie Ringdal Birkhol

Gruppeleiar Stranda Venstre